

Historia om einsretting og konformitet

Forfattarane gjev i forordet klar melding om kva som er utgangspunktet for boka: kloden vår står ikkje berre over for ei ytre økologisk krise, men også ei indre. Måten menneske tenkjer om og behandlar den ytre verda, speglar også korleis me tenkjer om og behandlar oss sjølv – og vår eigen organisme.

Den reduksjonistiske tenkinga som har vore dominerande gjennom fleire sekler, har frambringa verdifull kunnskap og praktiske verktøy, men har også skapt fleire negative sideeffektar som blir meir og meir tydelege i dag. Forfattarane har spesielt framheva korleis dette påverkar vår organisme og naturen omkring oss. Det paradoksale i etablert medisin, er at det som skulle vera til gagn for oss, kan i neste omgang føra til det motsette: «En stor del av alle medikamentene som brukes i skolemedisinsk behandling, ender opp som kjemiske reststoffer i vårt kloakksystem. Også her advarer nå forskere. P-piller og ander medikamenter som havner i naturen, påvirker dyr og menneskers hormonsystem. At disse utslippene er små i volum, ser ikke ut til å være formildene, siden mengder selv i gramstørrelse kan spres over store områder og føre til negative helsekonsekvenser for både dyr og mennesker. Tiden for eksponering er også avgjørende.»

Eit anna perspektiv med boka er diskusjonen om vitenskapleg metodikk i samband med forskning på naturmedisin og alternativ behandling. Forfattarane legg til grunn at dagens metodeval er ute av stand til å gje ein fullgod vitenskapleg forklaring av grunnleggjande livsprosessar, «fordi den er bunden opp i kravet om at bare reduksjonistisk forklaring er vitenskapelig gyldig».

Klinisk praksis

Britt Hertzberg Untiedt har i kapitlet *Klinisk praksis* på ein uførleg måte gjort greie for sine erfaringar gjennom si tid som naturmedisinsk terapeut.



Vilhelm Schjelderup og Britt Hertzberg Untiedt:
HELSEKAMPEN – HUNDRE ÅRS STRID OM ALTERNATIV MEDISIN

Paradigme forlag.
ISBN 978-82-93235-10-1

Her kjem det fram verdifull kunnskap som både kan vera til nytte for nyutdanna terapeutar, men også for dei med lang fartstid. Untiedt gjev oss på ein god måte innsyn i diagnostiske metodar og behandlingsstrategi ved ulike tilstandar, og ikkje minst strekar ho under pasientens autonomi som eit vesentleg verdielement i praksisen. Konkret gav dette seg utslag i blant anna det dei kalla «journal for kreativ helseprosess», der blant anna pasientane kunne velja om dei ville ta vare på eigen journal. Vidare var «informasjonen tilpasset og ble ledsaget av et eget «velkomstskriv» som forklarte kven vi var, vår kompetanse, lovregler for behandling, våre testmetoder og foreslåtte terapier og en rekke andre detaljer.»

Kapitlet blir avslutta med kosthaldet si betydning i klinisk praksis.

Historisk perspektiv

Vilhelm Schjelderup opnar sitt bidrag til dette kapitlet med ein sjølvrefleksjon når det gjeld den statlege utveljingspolitikken til legeyrket, og kva konsekvensar dette har hatt og vil ha for medisinsk tenking og utvikling: «Legeyrket krever mer ansvarsfølelse av utøverne fordi det dreier seg om menneskers sykdom og helse, deres liv og død. Det er vanskelig å komme inn på lukkede legestudier, og bare de med gode karakterer fra videregående og eventuelt med tilleggstudning, blir tatt opp. Det er derfor naturlig at vi leger er særlig utsatt for å bli ofre for denne vitenskapens overtro, å tro at vi vet mer enn vi faktisk gjør. Det er også forståelig at vi iherdig forsvarer vår vitenskapelige status og forsøker å verge oss mot alt som kan svekke tilliten til at vi virkelig vet hva vi gjør.»

Gjennom kapitlet tek han oss med på ei vandring frå renessansen, via hekseprosessane og opp til moderne tid, der kommersielle krefter etter kvart blir ein sterk aktør og set sitt preg på både utdanning og val av vitenskapleg metode innan medisinen. Flexner-rapporten frå USA blir brukt som eit døme på korleis dette blei gjennomført i praksis, og kva fylgjer det fekk for naturmedisinen – og for det me i dag nemner som skulemedisin.

Biokjemi versus biofysikk

Vilhelm Schjelderup gjentek her det han i både tidlegare bøker og artiklar

har framheva: ei vesentleg årsak til den låge statusen til naturmedisin og alternativ behandling, er at det dominerande biokjemiske hegemoniet innan medisinen er ute av stand til skapa akseptable forklaringsmodellar for slike medisinske tradisjonar som tek utgangspunkt i organismen som ein heilskap, og der intervensjonen som oftast ikkje er tufta på biokjemisk tenking. Han framhevar biofysikken, ECIWO-biologien og biofotonteorien som moglege verk-tøy til å skapa forklaringsmodellar som kan få ein allmenn aksept.

Samandrag og konklusjon

På omslaget uttrykkjer forfattarane at dei med boka ynskjer å stimulera til ein fordomsfri debatt og eit betre samarbeid mellom skulemedisin og alternativ behandling. Det fyrste kan ein vona på, men om det siste blir gjeldande er meldaren meir usikker på om vil skje. Ei av årsakene til dette trur eg ligg i boka sin brodd og kontrastering når det gjeld omtalen av etablert medisin, samstundes som sjølvkritiske refleksjonar overfor eigen tradisjon mest er fråverande.

Eg trur føresetnaden for ein god dialog, meir burde vera tufta på kunnskap og avklaring av premisar ut ifrå eit fenomenologisk perspektiv. Iveren etter å overtyda andre om både den mest fortreftelege forklaringsmodellen og terapeutisk potensiale, kan ofte føra til endå djupare meiningsgrøfter – spesielt med tanke på at forklaringsmodellar aldri vil vera i nærleiken av å vera røyndomen sjølv.

Om forfattarane har hatt von om at boka skulle fanga interesse utover eige interne miljø, t.d. i academia, måtte nok ei meir konsekvent kjeld-evising vore på plass. Elles er språkføringa tilfredstillande, bortsett frå nokre få uhell. Med sine manglar, er boka likevel eit viktig innspel som bakgrunnsinformasjon for eit sivilt ordskifte framover

leiar@nnh.no

Minneord Arnt Folkman

Det er alltid ve-modig når noen går bort og ikke lengre er blant oss. Da vi fikk meldingen om Arnt Folkmans bortgang, var det allikevel noe helt spesielt. Arnt var vår faglige veiviser inn til den grunnleggende forståelsen av det homøopatiske behandlingsprinsippet, og vi er han evig takknemlig!

Det var ikke noe slinger i valsen hos Arnt. Å komme til han som student satte spor. Han stilte krav – krav som skapte nyttige endringer i oss. Han lærte oss studieteknikk. Han lærte oss systematisering gjennom å fragmentere og syntetisere faglige tekster. Han lærte oss å studere «Organon» og få oss til å forstå hvilket storartet faglig verk dette er. Han viste med tydelighet hvordan Hahnemann pedagogisk hadde bygd opp dette læreverket etter spiralprinsippet – fra det generelle til det spesifikke, fra den teoretiske tilnærminga til den praktiske – og hvordan det til alle tider kan brukes som oppslagsverk i den daglige praksis. Og kanskje aller viktigst - Arnt lærte oss kritisk tenking og ga oss mot til å tenke selv. Kort sagt: Aude Sapere.

Arnt var en sliter. Han ville forstå homøopatien og omsette sin forståelse i praksis. Han ga aldri opp, om enn det til tider buttet imot og han følte seg alene med sin forståelse. Arnt



fragmenterte og stykket opp den homøopatiske kunnskapen han hadde tilgjengelig fra de tidligere mestre og satte bitene sammen igjen i egne systemer og strukturer – alltid bygd på allerede fore-

liggende kunnskap fra Hahnemann, Bönninghausen, Hering, Kent etc. Mye av hans forståelse kommer til uttrykk i hans artikler «Individualitet og patologi i homøopatien» og «Forståelse av legemiddelpotensen – en mulighet til å forstå homøopatien» som i sin tid ble utgitt i det uavhengige tidsskriftet Aude Sapere og som nå finnes på nettstedet Aude Sapere Online.

Det er med stolthet vi kan påberope oss å ha vært en medvirkende del av den faglige fordypinga, de spennende fagsamlingene, opprettelsen av eget fagforum, utgivelsen av eget tidsskrift og andre faglige aktiviteter miljøet rundt Arnt hadde i gjære på 90-tallet. Og når vi ser på resultatene og den faglige tryggheten de som valgte Arnt som faglig veileder, i dag har, er det ingen tvil om at hans utrettelige arbeid og pedagogiske tilnærming har sådd solide faglige frø som vil spire og gro seg sterke inn i fremtiden.

Vi lyser fred over hans minne.

*Svein Johannessen,
Randi Oshaug,
John Petter Lindeland
og Einar Berntsen*